

Vurderingskriterium for munnleg eksamen i framandspråk

Ferdigheit	Karakteren 5 og 6 Høg måloppnåing	Karakteren 3 og 4 Middels måloppnåing	Karakteren 2 (og 1) Låg måloppnåing
Munnleg kommunikasjon	Kandidaten viser svært god forståing av hovudinnhaldet i ei eventuell lytteøving*	Kandidaten viser tilfredsstillande forståing av hovudinnhaldet i ei eventuell lytteøving*	Kandidaten kan delvis fortelje att innhaldet av ei eventuell lytteøving*
	Kandidaten bruker ei rekkje språkfunksjonar(t.d. gi uttrykk for eigne meiningar, haldningar, følelsar, stille spørsmål) og har strategiar for å halde samtale i gong	Kandidaten brukar nokre språkfunksjonar (t.d. svare på spørsmål, fortelje) og kommunikasjonsstrategiar	Kandidaten viser ei viss evne til å uttrykkje seg på målspråket med enkel setningsbygning og kan i noko grad delta i ein samtale
	Kandidaten snakkar med god uttale og god intonasjon	Kandidaten snakkar med stort sett god uttale og god intonasjon	Kandidaten uttrykkjer seg med forståeleg uttale
	Kandidaten bruker eit stort, relevant og variert ordforråd	Kandidaten kan i noko grad bruke eit eigna ordforråd	Kandidaten bruker enkle ord
	Kandidaten snakkar korrekt, viser god innsikt, forståing og bruk av språklege strukturar sjølv om det kan førekomme enkelte feil	Kandidaten har rimeleg korrekt språkføring med berre få feil som ikkje går ut over heilskapen	Kandidaten bruker berre enkle strukturar og har i noko grad korrekt språkføring, men det førekjem ein god del feil i syntaks og grammatikk

Språk/kultur/ samfunn	Kandidaten kan drøfte og skildre sjølvstendig og reflektert aspekt ved kultur, samfunnstilhøve, geografi og livsvilkår i språkområde og i Noreg	Kandidaten kan drøfte og skildre aspekt ved kultur, samfunnstilhøve, geografi og livsvilkår i språkområde og i Noreg	Kandidaten an skildre einkilde aspekt ved kultur, samfunnstilhøve, geografi og livsvilkår i språkområde og i Noreg
	Kandidaten kan på ein nyansert måte gi uttrykk for opplevingar knytt til språkområdet sin kultur	Kandidaten kan på ein relevant måte gi uttrykk for opplevingar knytt til språkområdet sin kultur	Kandidaten kan på ein enkel måte gi uttrykk for opplevingar knytt til språkområdet sin kultur
	Nivå III: Kandidaten kan formidle opplevingar knytt til kunstformer, og analysere innhald og form i litteratur, film og andre kunstformer på ein reflektert og sjølvstendig måte	Nivå III: Kandidaten kan formidle opplevingar knytt til kunstformer, og i noko grad analysere innhald og form i litteratur, film og andre kunstformer	Nivå III: Kandidaten kan formidle opplevingar knytt til kunstformer og fortelje om innhald og form i litteratur, film og andre kulturformer

* på lågaste nivå kan lytteforståing gå føre seg på norsk

Krav til språklege ferdigheiter og innhald vil auke frå nivå I til nivå II og ytterlegare til nivå III (Nivå III er programfaget i Vg3.)

Eksamenskarakteren skal settast på ei samla vurdering av kvaliteten av kandidaten si måloppnåing slik den kjem fram på eksamen. For å få detaljert oversikt over læreplanen i faget og alle læreplanmåla, må ein gå til www.udir.no
Eksaminering skal gi kandidaten høve til å vise kompetanse i så stor del av faget som mogeleg, jf. *Forskrift til opplæringslova*

Vurderingskriterium for privatistar (jf. Forskrift til opplæringslova §3-10) er utarbeidd av region Sør Vest i samarbeid med Opplæringsregion Nord.